
Fra: brynhild elvira winther <brynhild_w@yahoo.no>
Sendt: 4. april 2014 22:12
Til: Postmottak Lindås
Emne: Vedr. byggesak (omregulering) Saksnummer: 2013/3500

Byggesak (omregulering) Saksnummer: 2013/3500

Viser til telefonsamtale med Benjamin Stephen Hugo Hicks i dag 4.april.2014.

Først og fremst vil eg sei at det var fint å endeleg få høyra frå dykk. Dette har teke veldig lang tid. Men, eg vil helst at de sender ting **skriftleg**. Særleg når det verkar vera litt usakleg. Det hadde vore fint om Hicks heller kunne informert litt om kva de har kome fram til så langt når det gjeld søknaden.

Hicks snakka om pålegg for å bu i huset no. Er det snakk om bøtelegging? I så fall vil eg sei at å bøtleggja folk for å bu i eit hus dei sjølve eig, medan ein sit og ventar på ei omregulering som tek lang tid, verkar litt spekulativt.

Me har budd ei periode i huset for å verta kjend med det, og finna ut kva som bør gjerast. Både med tanke på å bruka det som bustadhus, som me sjølvsagt helst vil, eller om det i verste fall berre vert eit investeringsobjekt som vert brukt til privat tenesteyting. Me har òg hatt feiar og brannvesen som har sett på det, samt snart ferdig utreda tilstandsrapport på huset. Som nemnd i søknaden, bør gamle hus ha folk som ser etter dei.

9.mai flyttar me som planlagt attende til Bergen.

Eg beklager at det har vore eit problem for dykk at me har valt å bu i huset ei periode, men eg kan ikkje sjølv sjå at det skal vera eit problem.

Mvh
Brynhild Winther